

Fra: Kjersti Melkevik Lauvskar (kmelkevi@online.no)

Sendt: 16.11.2015 20:45:10

Til: Fylkesordførar

Kopi: Skyss - Postmottak

Emne: Den nye tunellen - forslag til Hordaland fylke og Skyss

Vedlegg:

Hei Anne Gine,

Eg reiser med buss mellom Straume på Sotra der eg bur og Sandsli der eg jobbar, eg tar buss 23 som går frå Straume til Flyplassen via Bjørgeveien (Burmaveien) og Søreide.

I forkant av at den nye Knappetunnelen opna sist veke tok eg kontakt med Skyss og oppfordra dei til å endra bussrutene til den forventa nedgangen i køen mellom Dolvik terminal og Loddefjord.

Svaret frå Skyss var: **Takk for godt innspill. Vi har dessverre ikke mulighet for å gjøre endringer mitt i produksjonen, men det er absolutt noe vi har tatt med oss videre.**

Kortid neste "endring i produksjonen" skjer veit ikkje eg. Men no har vi fått nokre dagars erfaring, og det som skjer er at på ettermiddagen stoppar bussen i ca 4 minutter for å venta på ruta. I dag stod vi på Loddefjord der sjåføren slo av motoren og venta på at klokka kunne bli så mykje at han kunne kjøra videre.

Dette er meiningslaust for oss som reiser kollektivt og det er dårlig utnyttelse av kapasiteten på bussane og bussjåførane.

I tillegg meiner eg å ha lest at Skyss har gått vekk frå bussruter på papir. Ein skulle tro noko av poenget med det var for å kunna endra litt smidigare når situasjoner som denne med drastisk nedgang i køen skjer.

I Bergensområdet må vi få fleire til å reisa kollektivt og for å få det til må også vi som tar buss få ta ut effekten av forbedringer i veinettet, denne gangen Ringvei vest. Derfor ber eg deg som ylkesordførar om å vær så snill å be Skyss justera rutetidene på bussane som kjører Bjørgeveien (Burmaveien) umiddelbart. Gjerne med oppslag i avisene om den positive effekten Ringvei vest har OGSÅ for dei som reiser kollektivt.

På forhånd takk!

Helsing

Kjersti Melkevik Lauvskar

917 32 630